

Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Møte: 2 - 2017
Dato/tid: 31.mars kl. 9 - 15
Stad: Møterom Regionrådet
Til stades: Oddvin Nessen, Olav Mongstad, Helge Kvam, Mette Fauskanger, Ingebjørg Søreide, Leni Dale, Helga I Ellingsen, Nina Kvamme og Grete Herøy og Anne Hildegunn Færøy
Møteleiar: Helga I Ellingsen
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksliste:

Saksnr	Saker	Vedlegg
9 - 11	Møte i Administrativ nemnd for NHLV Sjå referat med vedlegg sendt i eigen e-post	
7/17	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan merknader	
8/17	Godkjenning av referat frå Møte 1-2017, 10.februar Referatet er godkjent utan merknader	
9/17	<p>Brannførebygging i PLO Ole Johan Ingebrigtsen og Frode Langland frå avdeling for brannførebyggande arbeid i NGIB orienterte om samarbeid om brannførebygging i PLO - «Brannløftet», der målet er auka branngjelene hjå risikoutsette grupper i Nordhordland, og å unngå skadde og omkomne i brann. Det vert vist til NOU 2012:4 <i>Trygg hjemme</i> og Forskrift om brannførebygging der kommunens ansvar for brannførebygging er nedfelt. Det pågår eit samarbeid med alle tenesteområda, og det skal sjekkast om midlar gjennom Gjensidigestiftelsen til IK samarbeid om systematisk brannførebyggande arbeid. Det er utarbeidd ein Samarbeidsavtale med sjekkliste som det er tilrådd at kommunane skal inngå med NGIB. Denne vert sendt ut</p> <p>Konklusjon: Gruppa takkar for orienteringa og ber om at Samarbeidsavtalen med sjekkliste vert sendt til Anne Hildegunn Færøy slik at det kan sendst ut med referatet. Kommunalsjefane tar dette vidare til eigen organisasjon.</p>	 Brannførebygging_tr ygg hjemme edre 20:
10/17	<p>Velferdsteknologi - kva no? Helga orineterte om at det er søkt om midlar til oppnak i det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet. Alle kommunane i Region Nordhordland + Vaksdal samarbeider om dette og er part i søknaden. Det er søkt om 2,2 mill for 2017. Prosjektet varer frå 2017 og ut 2019. Søknaden er forankra i rådmannsutvalet. Midlane skal nyttast til tilsetjing av prosjekteilar og prosjektmedarbeidar. Tildelinga vil bli annonsert tidleg i mai. Målet er at regionen skal ha >1000 brukarar innan av slik teknologi innan 2020.</p> <p>Det er også søkt om skjønnsmidlar til Velferdsteknologi prosjektet. Desse midlane er</p>	

	<p>tenkt til å nyttast til det førebuingsarbeidet som alle kommunane må gjøre for å komme på same nivå som LK for å implementere og bruke Velferdsteknologi i alle kommunar.</p> <p>Det er sendt ein søknad frå kommunane Radøy, Lindås og Meland og ein frå kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy .</p>	
11/17	<p>Sykkel VM 2017</p> <p>Det var i forkant av møtet sendt ut kort informasjon etter orientering etter analysemøte i Bergen der repr. frå kommunane i Nordhordland var invitert med. Grethe Fosse deltok frå Nordhordland. Det var særleg fokus på trafikale konsekvensar, pasientflyt og helseberedskap knytt til gjennomføringa av sykkel VM. I tilsendt notat frå møtet var det særleg lista opp kva utfordringar dette kan få for Nordhordlandsregionen. Denne er vedlagt referat.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa har ingen innvendigare til dette, og er førebudd på at m.a utskrivingsklare pasientar må takast i mot i det kommunale hjelpeapparatet etter at vegane er opna kl. 19:00 i tidsrommet 16. - 24.september.</p>	 SYKKEL VM 17.docx
12/17	<p>Etablering av nettverk for dei som arbeidar i PU tenesta</p> <p>-Status for arbeidet:</p> <p>Det er sendt ut førespurnad om kva kommunar som skal vere med i dette nettverket. Dei som er aktuelle har meldt si interesse og sendt melding om namn på kontaktperson.</p> <p>Hensikta er å etablerer eit nettverk - faglege samarbeidsfora for drøfting av felles utfordringar og korleis oppgåver vert løyst. Fokus på kompetanse og fagutvikling. Det vert diskutert om gruppa skal ha eige mandat, og at ein evt. kan sjå til oppdrag og mandat som nettverket for flyktningar har fått.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Helga held tak i dette og sørger for at det vert sendt ut invitasjon til eit oppstartsmøte for denne gruppa. Kommunalsjefgruppa ber nettverket komme med innspeil til eit mandat med oppgåver og fokus i arbeidet.</p>	
13/17	<p>Møteplan 2017.</p> <p>Gruppa fekk førelagt forslag til møtetider for resten av 2017 inkl . møter for styringsgruppa for psyk./rus prosjektet og Administrativ nemnd for NLV.</p> <p>Konklusjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> – 15. mai, kl. 09 - 15 med psyk.prosjektet + adm.nemnd – 31.august - 1.september med psyk.prosj.(lunsj på Kjelstraumen, møte i styringsgruppa kl. 12. 30 - 14.30) deretter vert møtet flytta til Fedje. (Grethe Herøy avklarar møtestad, overnatting m.v) – 20.oktober - med psyk.prosjektet + adm.nemnd - 17.november -adm.nemnd 	
15/17	<p>Referat frå andre utval:</p> <p>Kort orientering om saker i referat frå SU NH - 23.februar og Utval for helse og omsorg - 10.februar.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Referata er tatt til orientering</p>	
16/17	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Kunnskapskommunen - oppfølging sak 3/17, pkt. 3 i møte 1-2017.</p> <p>Dei kommunane som har takka ja til tilbodet om deltaking i Kunnskapskommunen Helse Omsorg Bergen - eit formalisert samarbeid om forsking, innovasjon og utdanning i den kommunale helse- og omsorgstesta. Dei kommunane som er med i dette samarbeidet ønskjer å presisera at dette er eit viktig og nyttig prosjekt å vere med på for kommunane.</p> <p>Bergen kommune er ein pådrivar for å arbeide med og utvikle systematisk kompetansebygging og utvikling. Dei er ein viktig aktør for å få på plass eit betre</p>	

	<p>samarbeid med utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø. Alle kommunane vert oppmoda om å delta i prosjektet.</p> <p>Omegnskommunane - Radøy, Austrheim, Meland, Masfjorden og Askøy har fått medhald i at namnet på prosjektet vert endra, slik at det gjenspeglar at det ikkje berre er Bergen kommune som er med i prosjektet.</p> <p>Det skal utarbeidast ein handlingsplan for arbeidet og det skal utpeikast ein representant til styringsgruppa frå medlemskommunane.</p>	
--	---	--